



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Rauma kommune.

Slemmås kraftverk. Fråsegn til søknad om konsesjon for kraftutbygging i Slemmeelva.

Bakgrunn

- Slemmås kraftverk vil utnytte fallet i Slemmeelva frå kotehøgde 329 ned til eit kraftverk på kote 12.
- Maksimal slukeevne er på 670 l/s. Dette er drøye 176 % av middelvassføringa, som er oppgitt til 380 l/s. Minimum slukeevne er på 50 l/s og alminneleg lågvassføring er rekna til 3 l/s.
- Det er føresett minstevassføring på 10 l/s om vinteren og 50 l/s om sommaren.
- Vassvegen blir om lag 1520 m og tilløpsrøyret skal gravast ned på heile strekninga.
- Til kraftstasjonen blir det bygt ein tilkomstveg på 10 m frå eksisterande gardsveg. Til inntaksdammen blir det bygt ny veg på om lag 300 m som forlenging av eksisterande skogsveg.
- Det er rekna med ein midlare årsproduksjon på ca. 5,72 GWh med installert effekt på 1,7 MW.

Vurdering:

Landskap- og friluftsliv

Etter det vi kjenner til er brukarinteressene i utbyggingsområdet av hovudsakleg lokal karakter. Dei regionale friluftsiinteressene i området er i større grad knytt til dei høgareliggande delane av området rundt Herjevatnet og Slemmemyrane. Innfallsporten hit er hovudsakleg via vegen opp til Nysetra.

Utbyggingsområdet er for ein stor del prega av planta gran og hogstfelt. Det går ein skogsveg opp til ca. kote 300. Vassdraget er omgitt av skog og går delvis nedsenka. Sett frå avstand vil redusert vassføring derfor neppe få særlege landskapsmessige konsekvensar. Lokalt langs elva vil naturleg nok opplevingsverdien av småfossar og stryk bli redusert.

Biologisk mangfald

Terrestrisk

Det vart utarbeidd ein ny rapport om biologisk mangfald i området i 2014. Denne gir eit langt betre kunnskapsgrunnlag enn den første. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at det til

dømes kan vere raudlisteartar i utbyggingsområdet som førebels ikkje er registrerte. Sjølv om området var snøfritt i slutten av februar, var ikkje dette noko gunstig tidspunkt for ei ny kartlegging. Miljørapporten inneheld likevel eit fagleg grunnlag som har gitt konsulentten eit relevant utgangspunkt for mellom anna konsekvensvurderingane. Ulike moseartar som kan bli påverka av redusert vassføring er undersøkte på ein god måte. Vi ser det som positivt at synfaringruta er vist på eit kart i rapporten.

Av rapporten kjem det fram at røyrkata for det meste vil gå gjennom område som er hogge og stadvis tilplanta med gran, og er såleis lite interessante for biologisk mangfald. Unntaket er i øvste del, der ho ligg innafor den avgrensa naturtypelokaliteten Herje- og Slemmemyrene som er Raumas største intakte høgmyrkompleks og med verdien svært viktig (A). Det kjem fram at inngrepet vil vere uheldig for lokaliteten. I tillegg til sjølve inngrepet, vert det rekna med drenering og utturking av myra rundt røyrkata.

Mose- og lavfloraen er vurdert som triviell i det meste av influensområdet, men langs elva er det innslag av fleire fuktrevjande mosar. Fleire av desse er også rekna som litt basekrevjande. Lungeneversamfunnet er stadvis godt utvikla. Spesielt gjeld dette i dei partia av elvekløfta som er djupast og med høgast luftråme.

Rapporten inneheld ei vurdering av potensiale for ulike artar og der det stort sett vert konkludert med eit lite potensiale. Mellom anna på grunn av ope og glisse tresjikt innan det aller meste av influensområdet, fattig berggrunn og mangel på høvelege bergveggar i nærleiken av elva. Men nokre rike lauvskogsmiljø med innslag av ein del osp og hassel, gjer at potensialet for sjeldne og raudlista artar likevel er til stades i desse delane av utbyggingsområdet. Det vart gjort funn av meir basekrevjande artar med få tidlegare registreringar frå Møre og Romsdal som mellom anna irrmose. Det er positivt at funnet er lagt inn på Artskart, men både dette funnet og dei andre av meir spesiell karakter burde ha vore viste på verdikartet i figur 4. Det kjem vidare fram at innan utbyggingsområdet er det stadvis god kontinuitet i ståande og delvis også liggjande daud ved, noko som gjev potensiale for raudlista invertebratar, samt for sopp, som også vart påvist ved undersøkingane.

Etter rapporten er det først og fremst verdien av gamalskogen i bekkekløfta og verdien av naturtypelokaliteten; Herje- og Slemmemyrene som trekkjer i positiv retning for biologisk mangfald.

Det må merkast at bekkekløfta burda ha vore vist på verdikartet og skildra etter den same metodikken som tidlegare er gjort for høgmyrkomplekset.

Avgrensinga av høgmyrkomplekset er ikkje vurdert. Vi legg difor til grunn at konsulentfirmaet er samd i avgrensinga vist i Naturbase. Det vert kommentert at storparten av myra som vil bli negativt påverka av røyrleiingstraseen er fattigmyr, men med innslag av noko rikmyr og slik sett av den minst verdfulle i myrkomplekset. Etter vår vurdering vil det for eit så stort og verdfullt myrkompleks som Herje- og Slemmemyrene vere viktig å sjå dei ulike graderingane av myra som ulike element som inngår i ein naturfagleg heilskap. Etter vår vurdering er det ikkje noko fagleg negativt i at delar av området har ein annan karakter enn andre. Overgangssonene mellom til dømes rike og fattige parti er med til å auke det biologiske mangfaldet i området.

Med bakgrunn i dette vil vi rå til at myrområdet slik som det er avgrensa i Naturbase blir skåna for inngrep og vårt råd er difor at inntaket blir flytta lenger ned.

Fisk

Kraftverket vil bli liggande på kote 12 om lag 200 m opp i elva. Elva har ein mindre bestand bekkeare. Absolutt vandringshinder for anadrom fisk er på kote 40 (om lag 450 m frå

utløpet). Det går vidare fram at det er eit betydeleg vandringshinder ved riksvegbrua (om lag 100 m frå utløpet).

Det er påvist ål i nedre del av vassdraget opp til kote 25. Ål er raudlista og kritisk truga (CR). I kva grad ål vandrar vidare opp i vassdraget er uvisst. Større bestandar av ål førekjem i hovudsak i vassdrag med lågtliggande, næringsrike vatn av noko storleik. Slemmeelva er neppe noko typisk ålevassdrag, men vi kan ikkje sjå bort frå at ål kan kome seg opp til opp til Herjevatnet som ligg om lag 3,5 km lenger opp. I kva grad ål vandrar opp Slemmeelva og over Slemme- og Herjemyrene kjenner vi ikkje til. I følgje Norsk institutt for naturforskning (NINA) viser studiar at over 50 % av ål døyr ved utvandring gjennom kraftverk. Gjennomføring av tiltak for å leie fisk forbi turbinane er det sikraste for å redusere dette. Også andre tiltak som transport av ål forbi kraftverket, ålevennleg gitter i vassinntaket eller å stanse kraftverket i perioden under utvandring kan vere aktuelle. Med dei opplysningar som kjem fram i konsekvensvurderinga synest det likevel vanskeleg å pålegge særskilte tiltak i dette utbyggingsprosjektet.

Vi vil likevel be om at ein vurderer avbøtande tiltak som føreslått i BM-rapporten. Her er det vist til mogleg flytting av kraftverket nærare vandringshinderet på kote 40, eventuelt bygging av tersklar.

Vi kan elles ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

- Vi vil rå til at inntaket til kraftverket blir flytta noko lengre ned slik at det verdfulle myrkomplekset Herje- og Slemmemyrane (slik det er avgrensa i Naturbasen) blir skåna for inngrep.
- Når det gjeld fisk ber vi om at ein vurderer avbøtande tiltak som føreslått i BM-rapporten. Her er det vist til eventuell flytting av kraftverket nærare vandringshinderet på kote 40, eventuelt bygging av tersklar.
- Det er etter kvart mange kraftverksprosjekt i området, både utbygde og nye omsøkte tiltak. Vi legg til grunn at det blir gjort ei samla vurdering av desse som ein del av avgjerdsgrunnlaget.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef

Lars Kringstad
Senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandler:

Biologisk mangfold: Kjell Lyse, tlf. 71 25 84 26

Kopi:

Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	Åndalsnes
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde